



Dagleg leiar i Lio Sag og Treforedling, Rune Myklebust, sel i Neslia og flyttar verksemda til Seimsfoss.

Lio Sag og Treforedling med Rune Myklebust som dagleg leiar, har vind i segla. Verksemda kan syna til gode driftsresultat i 2019 med avdelingar både i Rosendal og på Husnes. No sel Rune Myklebust Lio Sag sitt anlegg på Løfall og flyttar inn i Palfinger-bygget på Seimsfoss. Leigeavtale med Fonnafjord Næringspark er underskriven og flyttinga vil skje ein gong i sommar.

Lio Sag og Treforedling hadde tankar om ei sentral etablering i Skålafjæro. Slik gjekk det ikkje. Frå 15. juni er det nye lokale på Seim klart for innflytting. Butikken i Varehuset Rosendal vert verande inntil vidare.

I 2016 bygde verksemda opp eigen avdeling på Husnes. Alt no føreligg det planar om utviding med ein hall på 400 - 600 rutemeter. Kristine Heimvik, dotter til Rune, er avdelingsleiar på Husnes. Verksemda på Husnes ligg på industriområde, men plassert slik at alle ser og finn lett fram til trelast- og byggevarehandelen.



Kristine Heimvik er avdelingsleiar på Byggtorget på Husnes.

Ei sentral plassering langs Fylkesveg 500 på Seim vil også vera ei god plass. Nye generasjonar, ofte med spontanhandel, etterspør eit variert vareutval lett tilgjengeleg.

Rune Myklebust overtok Lio Sag for nøyaktig 18 år sidan. 1. august er det slutt på Løfall. Ny eigar er Kroka Eigedom v/ Oddbjørn Kroka, også han frå Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Grenda/ Kristian Bringedal



Byggtorget

Lio Sag & Treforedling

Byggtorget - Lio Sag og Treforedling på Husnes er klar for utviding.